

10.12.2010

Problemføre også her i bygda



Kleivadalssvingen fredag ettermiddag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Sidevegene i bygda har faktisk relativt stabilt snøføre skkurat no, men det er meir problematisk føre på fylkesvegen.

Fleire bilførarar har i det siste klaga over at det ikkje blir salta for å bli kvitt glatta, men det er visst ikkje så enkelt.

Kenneth Lyngsgård i Statens vegvesen innrømmer overfor media at veret i dei siste dagane har vore ei utfordring også for vegvesenet. Og det er ikkje berre å salta. Det er rett og slett skummelt med salting med det kalde veret som har vore i det siste.

Rett nok tinar rimet og snøen hvis
ein saltar. Men så frys det straks på att og det blir danna ei svart ishinne på vegen.
Den er det vanskeleg for bilistane å sjå. Difor har dei i staden brukt strøsand.

Men den har på
si side ein tendens til å bli liggjande mellom hjulspora og vegkanten.
Dermed er hjulspora
like glattpolerte som dei var før dei strøydde.
Difor er nok det beste rådet å køyra varsamt og
utifrå tilhøva slik dei artar seg no om dagen.
Og akkurat no er vi inne i ein smelteperiode sjølv om den neppe vil vara så lenge....

Av Ola Matti Mathisen